

Budsjettprosess 2021 – 2024

Sektor helse- og omsorg

Konsekvensutgreiing tiltak 04.11.2020

Innhold

Innleiing.....	2
Konsekvensvurdering av tiltak i sektor helse- og omsorg.....	3
Redusert ramme i helse- og omsorg i 2020.....	3
Slå saman kjøkkendrift Volda omsorgssenter/ Hornindal omsorgssenter.....	4
Dreining av teneste, utfasing av ei bugruppe med ni plassar for somatsik sjuke ved Volda omsorgssenter.....	5
Etablere kommunalt vaskeri	6
Redusere heimehjelp på Fjordsyn med 20%.....	8
Styrke ambulerande heimetenester på «vestsida», fase ut døgnbemanna omsorgsbustad, Folkestadtun.....	8
Oppseiing av digital kjørebok.....	10
Innsparingstiltak som er vurdert men ikkje med i administrativt framlegg.....	11
Hornindal omsorgssenter, omgjering frå institusjon til omsorgsbustader.....	11
Redusere drift kvardagsrehabilitering med to dagar pr. veke.....	13
Kutte 2 x 40% stilling frivilligkoordinator.....	14
Nye tiltak som vert foreslått i administrativt framlegg	16
Nytt legevaktstilbod(søre Sunnmøre legevakt) vert auka med 800.000,-	16
Prosjektlear velferdsteknologi var tilsett for to år. Frå 2021 behov for koordinator velferdsteknologi vidare.....	17
Finansiering av uttak opsjon for Helseplattforma.....	18

Innleiing

ØKONOMIPLAN 2021-2024 VOLDA KOMMUNE -HELSE OG OMSORG				
	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Framskrivning av budsjett 2020	265 213 493	265 213 493	265 213 493	265 213 493
Korrigerig frå framskrivning tiltak adm stillingar og samanslåingseffekt	- 116 581	- 116 581	- 116 581	- 116 581
Reduksjon pensjon av feriepengar	- 1 671 889	- 1 671 889	- 1 671 889	- 1 671 889
Reduksjon Psykisk helseteneste som følgje av mindre flyktingar	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000
EL bil effekt	-	-	- 1 440 000	- 1 440 000
Slå saman kjøkkendrift Volda og Hornindal	- 805 000	- 1 600 000	- 1 600 000	- 1 600 000
Reduksjon av ei bugruppe Volda omsorgsenter som konsekvens av lenger heimebuand	-	-	- 3 000 000	- 3 000 000
Etablere kommunalt vaskeri	-	- 1 400 000	- 1 400 000	- 1 400 000
Redusere heimhjelp frå Fjordsyn frå 60 til 40 %	- 90 000	- 90 000	- 90 000	- 90 000
Opprette base for heimbaserte tenester Folkestad				
Oppseiing digital køyrebok helse og omsorg	- 100 000	- 100 000	- 100 000	- 100 000
Nye tiltak:				
Korrigerig feil lønnsbudsjett 2020, Rus og Psykiatri	1 550 112	1 550 112	1 550 112	1 550 112
Korrigerig feil frå lønnsbudsjett 2020, Heimetenestene	36 928	36 928	36 928	36 928
Legevakt	800 000	800 000	800 000	800 000
Helseplattforma	-	-	1 561 650	1 561 650
Helse og Omsorg	264 567 063	262 372 063	259 493 713	259 493 713
Endring i rammer frå år 2020	- 646 430	- 2 841 430	- 5 719 780	- 5 719 780

Konsekvensvurdering av tiltak i sektor helse- og omsorg

Redusert ramme i helse- og omsorg i 2020

Sektoren fekk redusert ramme med 250 000,- i rus- og psykisk helseteneste knytt til endringar i flyktningsituasjon. Nedtrekket vert auka til 500 000,- i 2021 og gjort gjeldande påfølgjande år.

Slå saman kjøkkendrift Volda omsorgssenter/ Hornindal omsorgssenter

Bakgrunn: Vart kommentert i KS rapporten som innsparingstiltak. Nyrenovert kjøkken på omsorgssenteret i Volda. Utan auke i bemanning kan all matproduksjon flyttast dit.

Konsekvens for økonomi:

Slå saman kjøkkendrift Volda og Hornindal	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030
INVESTERING:										
Investeringsbehov										
Lån eller anna finansiering på investering										
Sum investering (skal balansere)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
DRIFT:										
Kapitalkostnad (kr. 55 000 pr million investert)										
Reduksjon løn	805000	1600000	1600000	1600000	1600000	1600000	1600000	1600000	1600000	1600000
Sum endringar driftsbudsjett	805000	1600000	1600000	1600000	1600000	1600000	1600000	1600000	1600000	1600000

Konsekvens for innbyggjarane:

Det er særskilde følelsar knytt til eit kjøkken. Dette er for mange, både tilsette og innbyggjarar, utfordrande og sårt om kjøkkenet vert lagt ned. Kjøkkenet i Hornindal har produsert møtemat til møteaktivitet i Hornindal, men truleg redusert behov då drifta på Smia også er redusert. Frivillighetssentralen i Hornindal antek det som høgt sannsynleg at dei frivillege i Hornindal vil fortsette med matombringning, trass nedlegging av kjøkkendrifta.

Konsekvens for interne tilhøve(organisasjon): Brukarane vil fortsatt få varm og god middagsmat, av like god kvalitet, dagleg. Dei vil ikkje få heimebaka brød. Elles er produksjonsrutinane sameleis. Omlegginga vil medføre meir like tenester for innbyggjarane i kommunen, då frukost- og lunsjmåltid må tilberedast av personalet, i samarbeid med brukarane, slik som det per i dag vert gjort i

Volda sentrum. Nyleg oppgradert sentralkjøkken på omsorgssenteret i Volda har kapasitet til å produsere maten som skal til Hornindal.

Synergier: Transportbehovet mellom Hornindal og Volda kan samstundes dekke andre transportbehov og kan også gi moglegheit for tilrettelagt arbeidstilbod.

Dreining av teneste, utfasing av ei bugruppe med ni plassar for somatisk sjuke ved Volda omsorgssenter.

Bakgrunn: Volda har mange institusjonsplassar, også påpeika i KS rapporten. Innbyggerane ynskjer primært å bu heime så lenge som råd. Kommunen er i ei endringsfase, der det vert jobba strategisk med legge til rette for at folk skal kunne bu heime lenger. Styrking av heimetenester, auka bruk av velferdsteknologiske hjelpemiddel, forbetring av prosess med anskaffing av hjelpemiddel til privat heim, auke i talet korttids plassar, kvardagsrehabilitering mm stadfestar den strategiske satsinga i Volda.

Konsekvens for økonomi:

Reduksjon av ei bugruppe på Volda omsorgssenter	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030
INVESTERING:										
Investeringsbehov										
Lån eller anna finansiering på investering										
Sum investering (skal balansere)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
DRIFT:										
Kapitalkostnad (kr. 55 000 pr million investert)										
Reduksjon løn			3000000	3000000	3000000	3000000	3000000	3000000	3000000	3000000
Sum endringar driftsbudsjett	0	0	3000000	3000000	3000000	3000000	3000000	3000000	3000000	3000000

Konsekvens for innbyggerane:

Terskelen for institusjonsplass vert høgare og ein vil kunne få ei krevjande utfasingsperiode, der folk som ventar plass må vente lenger. Det vil også medføre høgare terskel for å få plass i døgnbemanna omsorgsbustad. Kan gi auka belastning for pårørande i påvente av eit døgnbemanna tilbod. Pasientar som kjem inn vil ha ei kortare butid i institusjon og ambulerande heimetenester får utvida oppdrag. Bruken av velferdsteknologi må satsast vidare på.

Under er ein tabell som viser tal institusjonsplassar i nokre kommunar å samanlikne seg med. Volda er vist med to liner. På siste line viser status om reduksjon av ni plassar(ei bugruppe).

Samanikning av institusjonsplassar				
	Innbyggjarar	80+	Institusjonsplassar	80+ pr plass
Ørsta	10827	606	100	6,06
Ulstein	8571	294	45	6,5
Herøy	8900	481	93	5,17
Volda	10449	583	101	5,7
Volda	10449	583	92	6,3

Konsekvensar for interne forhold:

Ei bugruppe må fasast ut ved å ikkje ta inn nye pasientar om ledige rom, evt også flytting til andre bugrupper om/ når ledig. Tilsette må forflyttast internt ved vakante stillingar i sektoren/ kommunen, men samla reduksjon på seks årsverk.

Etablere kommunalt vaskeri

Bakgrunn: Kostnader til avtale om arbeidstøy og flattøy har vore sterkt aukande, også før coronautfordringar. Budsjett på 2,8 mill til leige/ vask av arbeidstøy i 2020.

Vi har to tilsette (Volda + Hornindal, samla 1,15 årsverk) som jobbar på institusjonsvaskeri i dag. Treng å auke bemanning til samla ca 2,5 årsverk, investere i opparbeiding av lokalitet, investere i noko nytt utstyr og kjøpe inn arbeidstøy og anna tøy ein skal halde.

Konsekvens for økonomi:

Etablere kommunalt vaskeri	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030
INVESTERING:										
Investeringsbehov										
Lån eller anna finansiering på investering										
Sum investering (skal balansere)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
DRIFT:										
Kapitalkostnad (kr. 55 000 pr million investert)										
Redusert kostnad til kjøp av tenester	0	2800000	2800000	2800000	2800000	2800000	2800000	2800000	2800000	2800000
Driftsutgifter, utskifting tøy, serviceavtaler, transport mm		-557200	-557200	-557200	-557200	-557200	-557200	-557200	-557200	-557200
Auke i bemanning, 1,4 årsverk, inkl sos.utg.		-842800	-842800	-842800	-842800	-842800	-842800	-842800	-842800	-842800
Sum endringer driftsbudsjett	0	1400000	1400000	1400000	1400000	1400000	1400000	1400000	1400000	1400000

Konsekvens for innbyggjarar:

Ingen

Konsekvens for interne forhold:

Det er mange kommunale tenestoområde som nyttar arbeidstøy, institusjon, heimebaserte tenester, legeteneste, fysio-/ ergoterapi, kjøkken, teknisk sektor mm. Lokasjon er vurdert plassert i Hornindal, men uavhengig av kvar det vert liggande vil det medføre transportbehov mellom Volda og Hornindal. Treng lokalitetar på ca 200m2.

Synergjar:

Mange arbeidsoppdrag kan ein sjå føre seg kan koplast mot personar som treng verdige arbeidsoppgåver. Transportbehov i høve kjøkkendrift kan sjåast i samanheng. Kan sjå fleire synergjar som gjer dette til verdifullt tiltak for mange.

Redusere heimehjelp på Fjordsyn med 20%

Bakgrunn: Ein har sett at ressursen for praktisk bistand for leilegheitene på Fjordsyn kan reduserast, då ein likevel rekk over oppdraget på ei 40% stilling.

Redusere heimehjelp på Fjordsyn med 20%	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030
INVESTERING:										
Investeringsbehov										
Lån eller anna finansiering på investering										
Sum investering (skal balansere)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
DRIFT:										
Kapitalkostnad (kr. 55 000 pr million investert)										
Sparte lønsutgifter	90000	90000	90000	90000	90000	90000	90000	90000	90000	90000
Sum endringar driftsbudsjett	90000	90000	90000	90000	90000	90000	90000	90000	90000	90000

Konsekvens for innbyggjar: Ingen

Konsekvens for interne tilhøve:

Ingen vert sagt opp, innehavar av 20% stilling går over i vakant stilling for helsefagarbeidar.

Styrke ambulerande heimetenester på «vestsida», fase ut døgnbemanna omsorgsbustad, Folkestadtun.

Bakgrunn: Dette er eit strategisk tiltak i tråd med satsinga på at folk skal kunne bu heime så lenge som råd. Tiltaket gir ikkje direkte innsparing på personalkostnader, då bemanninga vert vidareført, men tenester skal ytast på annan måte. Tiltaket vil gi innbyggjarane på «vestsida» meir likeverdige tenester med andre voldingar.

Konsekvens for økonomi:

Opprette base for heimebaserte tenester på Folkestadtun	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030
INVESTERING:										
Investeringsbehov										
Lån eller anna finansiering på investering										
Sum investering (skal balansere)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
DRIFT:										
Kapitalkostnad (kr. 55 000 pr million investert)										
Ikkje endring i bemanning	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum endringar driftsbudsjett	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Tiltaket gir ikkje i direkte innsparing, men uttak av gevinst vil vere når folk bur heime lenger før ein må søkje om evt bustad med bemanning. Tap av leigeinntekter kan vere ein konsekvens, men leilegheiter kan fortsatt leigast ut utan fast bemanning (Ubemanna omsorgsbustader).

Konsekvens for innbyggerane:

Folkestadtun har vore viktig for bygdene på vestsida og det er knytt stort engasjement frå bygdene til dette huset. Det har vore trygghet for mange med veksande hjelpebehov å kunne flytte til Folkestadtun. Tanken no er å legge til rette for at folk skal kunne fortsette å bu i eige husvære lenger og på den måten utsette behovet for å flytte.

Konsekvens for interne tilhøve:

Tilpasningsdyktig personalgruppe, vil handtere slik overgang, men kan bli meir einsam jobbsituasjon. Meir effektiv utnytting av personalressurs, mindre fergetid med at «sentrumsfolk» ikkje må over på samme måte. Kan gi teneste til fleire og betre bruk av arbeidstida, fokus på heimebuande, unngå tid på drifting av bygg. Kan gi tapte leigeinntekter, men reduserte drift- og vedlikehaldsutgifter. Uttrykingskapasiteten vil bli langt betre både på dag, kveld og natt.

Konsekvens for innbyggjarane:

Ingen

Konsekvens for interne tilhøve:

Frustrasjon og tidsbruk på systemet. Avtale oppsagt, og tenestene er over på «gammal» metodikk, skrive oppdraget i manuell kjørebok. Dette må gjerast sirleg pga revisjonsfokus.

Innsparingstiltak som er vurdert men ikkje med i administrativt framlegg

Hornindal omsorgssenter, omgjerung frå institusjon til omsorgsbustader

Bakgrunn:

Reglar for betaling på institusjon er statleg regulert. Ein vert trekt i trygd, deretter er det kommunen som må dekke «alle» utgifter for personen. Hus, straum, mat, transport, medisinar, medisinsk forbruksmateriell, hjelpemiddel legeteneste mm er inkludert. Ved å endre status til omsorgsbustad, vert ein buande i «eigen heim». Dvs at det ikkje vert trekk i trygdeutbetaling, men ein betaler husleige, straum, mat, brukar sin eigen fastlege, betalar for medisin mm, som om ein bur i eigen heim. Det betyr også at ein kan få bustønad, kjem inn under blåreseptordning, kan søkje hjelpemiddelsentralen ved behov for hjelpemiddel mm.

Konsekvens for økonomi:

Avhengig av kva nivå kommunen legg seg på av leigekostnad mm, men om desse kostnadane skal utgjere tilsvarende inntektene er for det statlege trekket for institusjonsopphald, vil utgifter til sjukeheimslege og medisinar/ medisinsk forbruksmateriell utgjere forskjellen. I 2019 utgjorde dette ca 650.000,-.

Omgjering frå institusjon ti lomsorgsbustader	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030
INVESTERING:										
Investeringsbehov										
Lån eller anna finansiering på investering										
Sum investering (skal balansere)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
DRIFT:										
Kapitalkostnad (kr. 55 000 pr million investert)										
Sparte lønsutgifter	0	350000	350000	350000	350000	350000	350000	350000	350000	350000
Sparte driftsutgifter	0	300000	300000	300000	300000	300000	300000	300000	300000	300000
Sum endringar driftsbudsjett	0	650000	650000	650000	650000	650000	650000	650000	650000	650000

Konsekvens for innbyggjar:

Dette er gjort greie for under «bakgrunn» i pkt over. Det er ikkje plan om å redusere tal plassar, men over tid kan det verte endring i kven passar inn i tilbodet. I dag er bemanning og bebuarar eit resultat av at dette var einaste døgnbaserte butilbodet for eldre i Hornindal kommune. Såleis dekker det både institusjonsbehov og omsorgsbustadbehov med ei bemanning som er ein mellomting av dei to tenestetilboda, om ein samanliknar med tilbodet i Volda forøvrig.

Konsekvens for interne tilhøve(organisasjon):

Bemanning vert ikkje endra pga endra status på bygget. Dei som bur der no treng denne bemanninga. Dersom ein bebuar vert så sjuk at det er behov for sjukeheimplass, så må det vere i Volda sentrum, men elles er haldninga at bebuarane skal bu der så langt det er fagleg forsvarleg og helst sleppe flytte. Tilsette med ansvarsvakter kan oppleve større usikkerheit knytt til å måtte forholde seg til legevakt(ukjende legar) som ikkje kjenner pasienthistorikken som ein fast sjukeheimslege kan. Kvar hybel/ omsorgsbustad får ikkje eige kjøkken, må kjøpe mat frå kjøkkenet. Erfaring tilseier at dei som får tilbod om døgnbemanna omsorgsbustader ikkje har kapasitet og helse til å ordne maten sjølv, terskelen for plass skal vere høg! Bebuarane set pris på å dele måltidet saman med dei andre og få dette tilrettelagt av dei tilsette. Det er ikkje etablert nattevakt i heimebasert teneste i Hornindal. Ei funksjonell ambulerande nattevakt vil utsette behov for høgere omsorgsnivå.

Redusere drift kvardagsrehabilitering med to dagar pr. veke

Bakgrunn: Kvardagsrehabilitering er ei teneste som vert gitt primært for folk som bur heime og treng å få styrka konkrete sjølvhjelpsferdigheiter og/ eller må trene seg oppatt etter funksjonsfall. Kommunen har hatt tilbodet fleire år. Oversikta viser at det er auka bruk. Dette heng truleg også saman med at folk vert buande heime lenger og treng dette for å kunne bu heime lenger.

Oppsummering 2015-2019					
	2014/2015	2016	2017	2018	2019
Antal gjennomført KDR	21	20	19	28	34
Gjennomsnittleg alder	76,95	80,65	81,9	81,8	76,6
Antal menn	6		6	13	20
Antal kvinner	15		13	15	14
Distrikt	5	6	7	5	7
Sentrum	16	14	12	23	27

Konsekvens for økonomi:

Redusere drift kvardagsrehabilitering	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030
INVESTERING:										
DRIFT:										
Kapitalkostnad (kr. 55 000 pr million investert)										
Redusere lønnskostnader	180000	180000	180000	180000	180000	180000	180000	180000	180000	180000
Sum endringar driftsbudsjett	180000	180000	180000	180000	180000	180000	180000	180000	180000	180000

Konsekvens for innbyggjar:

Ein reduksjon av tilbodet vil medføre ei strengare prioritering av kven kan få dette tilbodet. Korttidsavdelinga(Klokkarstova) er mest innsøkande instans. Redusert kapasitet vil få innverknad på pasientflyten. Redusert tilbod vil gi dårlegare «turnover» på korttidsavdelinga, altså lengre liggetid og seinare utskriving, eller kanskje oftare/ kjappare tilbake til korttidsopphold. Redusert tilbod vil påverke prioritering av type pasient, kan misse effekt for mange som kan bli betre.

Konsekvens for interne tilhøve(organisasjon):

Fleire brukarar av heimetenestene med dårlegare sjølvhjelpferdigheiter krev meir tidsbruk av tilsette. Kan føre til meir krevjande logistikk i forvaltning av korttids plassar.

Kutte 2 x 40% stilling frivillegkoordinator

Bakgrunn:

Då ein kutta talet plassar på Mork bustader frå 17 til 11, prioriterte helse- og omsorg å gjere om 40% stilling fordelt på to personar(20% kvar) for å satse på å kople frivillege tettare inn mot helse- og omsorgstenestene for å betre samhandling mot det

frivillege Volda. Ikkje minst ønskte ein å kunne tilby endå betre kultur- og opplevingstenester enn det tilsette rakk å tilby/ administrere. Dette vart fanga opp av det politiske nivået, så ved neste budsjettår vart det fatta vedtak om å styrke dette tilbudet med ein tilsvarande ressurs. Dei to frivillegkoordinatorane har tatt vidareutdanning for dette, «frivilleg arbeid i eldreomsorga». Dei har etablert god kontakt med mykje av frivillege drivkrefter, både privatpersonar og lag/organisasjonar. Erfaring har vist at det er viktig å legge til rette og vere «på» det frivillege arbeidet, elles kan det fort forvitre. Å ha dette tilbudet er ikkje lovpålagt, men gevinsten av frivilleg innsats er langt meir enn det dei to frivillegkoordinatorane bidreg med.

Konsekvensar for økonomi:

Redusere drift kvardagsrehabilitering	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030
INVESTERING:										
DRIFT:										
Kapitalkostnad (kr. 55 000 pr million investert)										
Redusere lønskostnader	540000	540000	540000	54000	540000	540000	540000	540000	540000	540000
Sum endringar driftsbudsjett	540000	540000	540000	54000	540000	540000	540000	540000	540000	540000

Konsekvens for innbyggjar:

Frivillegkoordinatorane har fokusert på tilbud til Folkestadtun, Barstadtun, omsorgssenter Legeloftet, heimebuande og Fjordsyn, desse vil få forringe fritids- og kulturtilbod. Det er inngått samarbeidsavtale med: Røde kors (besøkshund og besøksvenner) – Sanitetslag og Nasjonalforeningen for folkehelse med tilbud om Aktivitetsvenn for personer med demens. Til saman er det 33 frivillege som er på ein til ein besøk eller i gruppeaktivitet. Det er ein aktivitetsvenn på legeloftet og ein til heimebuande. Heimetenestene har etterspurte fleire. Det vert no starter opp Trivselsgruppe(meir fleksibelt og ikkje så knytt til at ein er pårørande). Hovudoppgåva til frivillegkoordinatorane er å rekruttere frivillige, gi opplæring, ivareta engasjementet, motivere, vegleie og organisere. Dei er kontaktledd mellom dei frivillige og personalet, bebuarar og pårørande. Alle desse prosjekta og tiltaka kan vanskeleg fortsette. Kommune sin innsats i frivillig arbeid i eldreomsorga

Konsekvens for interne tilhøve(organisasjon):

Å oppleve livsglede gjennom kulturopplevingar saman med bebruarane vil verte sterkt redusert. Presset på å pleiarar for å skape tilsvarande opplevingar vil auke.

Nye tiltak som vert foreslått i administrativt framlegg

Nytt legevaktstilbod(søre Sunnmøre legevakt) vert auka med 800.000,-

Bakgrunn for tiltaket:

Prosjektrapporten for planlegginga av det nye interkommunale legevaktstilbodet la grunnlaget for det nye legevaktssamarbeidet. Under detaljplanlegginga av tilbodet viser det seg at det kjem fleire kostnader enn det ein først planla for. Volda sin del utgjer ca. 800.000,-. Årsakene er:

- Lønskostnadar er justert noko opp. Dette skuldast dels at det er lagt inn oppdaterte tal over løn- og avtalar, og dels at sum årsverk for sjukepleiarar er justert med tanke på reglane om arbeidstid og tredelt turnus.
- Kostnadar til ferie- og sjukevikarar er justert opp. Det er lagt til grunn at vikar må inn på alt fråvær.
- Drift av nødnett (inkl. legevaktssentral) vert fakturert frå Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett (HDO). I dag er det helseføretaket som vert fakturert, og dei fakturerer vidare til kvar kommune. Samla utgjer dette om lag 1 million kroner for Sjustjerna. Vi har lagt dette inn i budsjett, men dette utgjer altså ingen reell kostnadsauke då det i dag vert fakturert til kvar kommune frå Helse Møre og Romsdal.
- I prosjektrapporten var det ikkje tatt med tilstrekkeleg kostnader knytt til personell på legebil, dette er lagt inn i budsjettframlegget.

Konsekvens for økonomi:

Legevakt	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030
INVESTERING:										
Investeringsbehov										
Lån eller anna finansiering på investering										
Sum investering (skal balansere)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
DRIFT:										
Kapitalkostnad (kr. 55 000 pr million investert)										
Auka lønskostnader	800000	800000	800000	800000	800000	800000	800000	800000	800000	800000
	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum endringar driftsbudsjett	800000	800000	800000	800000	800000	800000	800000	800000	800000	800000

Prosjektleder velferdsteknologi var tilsett for to år, 2019 og 2020. Frå 2021 behov for koordinator velferdsteknologi vidare.

Bakgrunn for tiltaket:

I kommunesamanslåingsprosjektet, har digitalisering stått sentralt. Fellesnemnda tilsette ein prosjektleder i 80% stilling knytt til velferdsteknologisatsinga. Frå 2021 opphøyrer dette prosjektet, men satsinga må fortsette. Vi foreslår vidare drift på satsinga og forlenger oppdraget til prosjektleder som koordinator for velferdsteknologi i 60% stilling ut 2021.

Konsekvens for økonomi: Koordinator vert lønna av investeringsmidlar ut 2021, og ein vurderer vidare på ny ressurs for 2022 hausten 2021.

Koordinator velferdsteknologi	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030
INVESTERING:										
Investeringsbehov										
Lån eller anna finansiering på investering										
Sum investering (skal balansere)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
DRIFT:										
Kapitalkostnad (kr. 55 000 pr million investert)										
Auka lønskostnader	450000 o	o	o	o	o	o	o	o	o	o
	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum endringar driftsbudsjett	450000	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Konsekvens for innbyggjar:

Volda har satsa på velferdsteknologi i to år og lagt eit godt grunnlag for å jobbe vidare. Viktig fokusområde er å jobbe med haldningsskapande arbeid for innbyggjarane.

Konsekvens for interne tilhøve(organisasjon):

Satsinga har vore viktig for Volda for å rigge seg for endring og følgje strategien at folk skal kunne bu heime lenger. Viktig å oppretthalde kontinuitet på satsinga og ikkje sleppe dette no, men vurderer at ein kan trappe litt ned på funksjonen.

Finansiering av uttak opsjon for Helseplattforma

Bakgrunn:

Volda kommune er ei av opsjonskommunane for Helseplattforma. Prosjektet har blitt forsinka, likeeins er kostnadsmodellen for kva utløyning av opsjon og innføring av Helseplattforma i Volda vil koste. Helseplattforma har hevda at kommunen må vente ein årleg kostnad på ca 300,- pr innbyggjar, der ca. 50% av beløpet skal lånefinansierast og den andre halvparten er årleg driftsutgift. Seinare i haust er kommunen invitert for å sjå nærmare på kostnadsmodellen, forhåpentleg kan ein legge fram meir eksakte summar etter dette.